



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Vegdirektoratet

Postboks 8142 Dep.
0033 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
07/26- KAS

Dato
15.09.2008

Gebyr for manglande bruk av påbode verneutstyr

Vi viser til brev av 7. mai 2008 frå Vegdirektoratet, der Vegdirektoratet mellom anna foreslår ei auke av gebyret for manglande bruk av bilbelte.

Samferdselsdepartementet sluttar seg til Vegdirektoratet sitt forslag om å auke gebyret for manglande bruk av bilbelte under køyring med motorvogn.

Samferdselsdepartementet ser likevel ikkje at det er utreda i tilstrekkeleg grad kor vidt ei auke av gebyret til 2500 kroner vil gi den ønska effekt trafikktryggleiksmessig sett, og ha ein større preventiv effekt enn om gebyret blir auka i noko mindre grad. Samferdselsdepartementet foreslår følgjeleg ei auke av gebyret til 1500 kroner.

Ei slik auke av gebyret vil avspegle kor viktig det er å bruke bilbelte, samstundes som storleiken på gebyret står i eit visst forhold til dei gebyra det er naturleg å samanlikne med. Dei overtredingar som blir sanksjonert med bøter i størrelsesorden 2500 kroner, gjeld handlingar som er kriminalisert og som såleis er av ein annan karakter enn manglande bilbeltebruk. I dei tilfella ein gir bøter av den storleik Vegdirektoratet har foreslått i sitt brev, har ein i stor grad vektlagt faren for at handlinga kan medføre skade på andre personar. Bruk av bilbelte er innført til vern av eigen person.

Ut frå samanhengen i regelverket og ikkje minst omsynet til at samanliknbare handlingar bør sanksjonerast likt, bør også gebyra for overtreding av påbod om bruk av anna type verneutstyr under køyring med motorvogn aukast tilsvarande som bilbeltegebyret. Dette vil gjelde gebyr for manglande bruk av hjelm og barnesikringsutstyr, slik at desse gebyra framleis er jamstore med bilbeltegebyret. Ut

frå omsynet til trafikktryggleik for den enkelte, kan det vanskeleg argumenterast for at det er mindre viktig med bruk av hjelm eller sikring av barn som passasjerar, enn at den enkelte brukar bilbelte.

Samferdselsdepartementet ber Vegdirektoratet gjennomføre ei høyring med forslag om å auke gebyra for manglande bruk av påbode verneutstyr til 1500 kroner, og deretter fremje saka for departementet på nytt.

I samanheng med dette ber vi også Vegdirektoratet vurdere om ein bør endre regelverket i forhold til det som gjeld førar sitt ansvar for passasjerar under 15 år som ikkje brukar påbode verneutstyr, jf. forskrift 17. september 1993 nr. 855 om gebyr for visse overtredelser av vegtrafikklovgivningen § 2 andre ledd andre setning. Etter dagens regelverk blir manglande bruk av påbode verneutstyr for passasjerar under 15 år rekna som ei overtreding, og det blir pålagt berre eitt gebyr, uavhengig av kor mange barn som faktisk er usikra.

Med helsing


John Arild Jensen e.f.


Karin Sørhoel